

# **Politisk verksemd**

## **Kostradokument nr. 1**

**Førebuande dokument til arbeidet med budsjettet for 2010**

**Gjennomgang av funksjonar  
under rammeområdet  
Politisk verksemd**

**Politisk verksemd – økonomisk utvikling  
2007-2009**

Tenester	Tekst	Netto utg Rek-07	Netto utg Rek-08	Br. utg. 1T-09	Inntekt 1T- 09	Fond 1T- 09	Netto utg 1T-09
10010	Politiske organ	2 775	3 010	3 399	-38	0	3 361
10011	Kommune- og stortingsval	211	9	280	-38	0	243
10020	Kontroll, tilsyn og revisjon	365	0	0	0	0	0
<b>100</b>	<b>Politisk styring og kontrollorgan</b>	<b>3 350</b>	<b>3 020</b>	<b>3 680</b>	<b>-76</b>	<b>0</b>	<b>3 604</b>
11000	Kontroll, tilsyn og revisjon	0	358	747	-135	0	612
<b>110</b>	<b>Kontroll og revisjon</b>	<b>0</b>	<b>358</b>	<b>747</b>	<b>-135</b>	<b>0</b>	<b>612</b>
<b>Politisk verksemd</b>		<b>3 350</b>	<b>3 377</b>	<b>4 426</b>	<b>-211</b>	<b>0</b>	<b>4 215</b>

**Oversikt over rammeområdet Politisk verksemd**

Dette rammeområdet har 2 funksjonar og 3 aktive tenester.

Funksjonane er:

- 100 Politisk styring og kontrollorgan
- 110 Kontroll og revisjon

*Rekneskapan for 2008* viser ei netto utgift på 3,4 mill. kr. og var marginalt høgare enn i 2007.

*Budsjett for 2009* viser ei brutto utgift på 4,4 mill. kr. og ei netto utgiftsramme på 4,2 mill. kr. Dette utgjør om lag 0,8 prosent av samla brutto utgifter i heradet.

Tenesta 10020 Kontroll, tilsyn og revisjon vart frå 2008 endra til teneste 11000 Kontroll, tilsyn og revisjon.

**KOSTRA - samanlikning 2008**

Tekst	Kvam	Grupper. 11	Gj.snitt landet
Brutto driftsutg. til funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb.	363	388	323
Brutto driftsutg. til funk. 110, Kontroll og revisjon, kr. pr. innb.	110	94	70

## Funksjon 100 Politisk styring og kontrollorgan

Funksjonen har 2 tenester;

10010 Politiske organ

10011 Kommune – og stortingsval

Budsjett for 2009 for denne funksjonen viser ei bruttoutgift på 3,7 mill. kr. og ei netto utgiftsramme på 3,6 mill. kr.

### Teneste 10010 Politiske organ

#### 1. Økonomi

### 10010 - POLITISKE ORGAN

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	1 735	2 113	2 503
herav fast løn (konto 10100)	0	0	0
Varer og tenester til eigenproduksjon	848	489	398
Tenester som erstattar eigenproduksjon	0	13	0
Overføringar til andre	642	457	498
Finansutgifter	0	0	0
<b>Sum utgifter</b>	<b>3 226</b>	<b>3 072</b>	<b>3 399</b>
Salsinntekter	0	-0	0
Overføringer med krav til motytelse	-152	-61	-38
Finansinntekter	-299	0	0
<b>Sum inntekter</b>	<b>-451</b>	<b>-62</b>	<b>-38</b>
<b>Netto utgiftsramme</b>	<b>2 775</b>	<b>3 010</b>	<b>3 361</b>
<b>Sum løn i høve sum utgifter</b>	<b>53,8 %</b>	<b>68,8 %</b>	<b>73,6 %</b>

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift på 3,0 mill. kr. mot 2,8 mill. kr. i 2007, dvs. ein auke på om lag 8,5 %.

Budsjett for 2009 viser ei brutto utgift på 3,4 mill. kr. inkl. mva. Vedteken netto utgiftsramme er 3,36 mill. kr. Ramma er 0,35 mill. kr. høgare enn rekneskapen for 2008.

#### 2. Aktivitet

- Lønskostnadane og kjøp av varer og tenester gjeld drift av politisk verksemd som ordførarvervet, utgifter knytt til gjennomføring av politiske møte, godtgjersle, tapt arbeidsforteneste, frikjøp, skyssgodtgjersle osv. (Lovpålagt).
- Overføring til andre gjeld tilskot til politiske parti, grendeutvala og Folgefonn radio (Ikkje lovpålagt).
- ”Politikar på nett” er ein aktivitet som til no er ført under 120 – Administrasjon og fellesutgifter. Frå 2010 skal alle kostnadene knytt til ordninga førast under funksjon 100.

- Administrative kostnader knytt til denne aktiviteten vert ført på andre tenester (jfr funksjon 120).

**Politiske organ som er knytt til denne tenesta:**

Nr	Organ	Medlemmer	2007		2008	
			Møte	Saker	Møte	Saker
1	Heradsstyre*	27	12	118	13	177
2	Formannskap	9	20	188	9	104
3	NPB	11	-	-	8	95
4	Ten-utval	9	-	-	8	25
5	Eldreråd	7	11	55	9	50
6	RFMNF	7			4	
7	Adm.utval	7 (5+2)			1	2
8	AMU	10 (5+5)	1	1	4	16
9	Klagenemd	3	2	4	0	0
10	Valnemnd	8	2	5	8	24
11	Valstyre**	9	6	13	-	-
	<b>Samla</b>		<b>54</b>	<b>384</b>	<b>64</b>	<b>493</b>

\* med arbeidsmøta \*\* redusert til 5 medl i 2009 og berre aktivt i valår.

**3. Endring av aktivitetar**

- Kvam heradsstyre står rimeleg fritt til å organisera den politiske utvalsstrukturen . Heradsstyre, formannskap, AMU og valstyre er lovpålagt, det same gjeld Eldreråd og Råd for personar med nedsett funksjonsevne ( med desse råda kan slåast saman til eitt) elles er det lokale vedtak som styrer.

## Teneste 10011 Kommune og stortingsval

### 1. Økonomi

#### 10011 - KOMMUNE OG STORINGSVAL

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	38	8	59
Varer og tenester til egenproduksjon	173	1	183
Overføringer til andre	39	0	38
<b>Sum utgifter</b>	<b>250</b>	<b>9</b>	<b>280</b>
Overføringer med krav til motytelse	-39	0	-38
<b>Sum inntekter</b>	<b>-39</b>	<b>0</b>	<b>-38</b>
<b>Netto utgiftsramme</b>	<b>211</b>	<b>9</b>	<b>243</b>
<b>Sum løn i høve sum utgifter</b>	<b>15,2 %</b>	<b>89,3 %</b>	<b>21,1 %</b>

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift på kr. 9' mot kr. 211' i 2007. Dette har sammenheng med at det er val anna kvart år. Utgiftene i 2008 gjaldt kommunevalet i 2007.

Budsjett for 2009 viser ei brutto utgift på 0,28 mill. kr. inkl. mva. Netto utgiftsramme er 0,24 mill. kr. Ramma litt høgare enn i 2007 pga kjøp av programvare og utstyr i samband med optisk lesing av stemmesetlar.

Lønskostnadane skal dekkja løn overtid og tapt arbeidsforteneste for folkevalde. Driftsutgiftene skal dekkja lysingar, trykking og kopiering, kurs og opplæring, skyssutgifter mm.

### 2. Aktivitet

- Gjennomføring av val (kommune-, fylkes- og stortingsval, sentrale og lokale folkerøystingar). Pålagt av staten å gjennomføra val kvart 2. år, kommunevala krev langt større administrative og økonomiske ressursar enn stortingsvala.
- Administrative kostnader knytt til denne aktiviteten vert ført på andre tenester (jfr funksjon 120).

### 3. Endring av aktivitetar

- Tal røystekrinsar vart i 2009 redusert frå 12 til 5, mal for gjennomføring av vala vert elles styrt sentralt.
- Overgangen til E - val er i startfasen, for Kvam sin del vil vi starta med å "automatisera" teljearbeidet frå og med valet 2009. Vi skal testa ut teljearbeidet ved optisk lesing i staden for "teljekorps". Den største effekten får vi først ved kommunevalet 2011, - registrering av rettingar vil då skje elektronisk.

## Funksjon 110 Kontroll og revisjon

Funksjonen har 1 teneste;  
11000 Kontroll, tilsyn og revisjon.

### Teneste 11000 Kontroll, tilsyn og revisjon

#### 1. Økonomi

### 11000 - KONTROLL, TILSYN OG REVISJON

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	0	22	61
Varer og tenester til eigenproduksjon	0	12	42
Tenester som erstattar eigenproduksjon	0	324	509
Overføringar til andre	0	641	135
<b>Sum utgifter</b>	<b>0</b>	<b>999</b>	<b>747</b>
Overføringer med krav til motytelse	0	-81	-135
Finansinntekter	0	-560	0
<b>Sum inntekter</b>	<b>0</b>	<b>-641</b>	<b>-135</b>
<b>Netto utgiftsramme</b>	<b>0</b>	<b>358</b>	<b>612</b>
<b>Sum løn i høve sum utgifter</b>	<b>#DIV/0!</b>	<b>2,2 %</b>	<b>8,1 %</b>

Rekneskapan for 2008 viser ei netto utgift på 0,36 mill. kr. tilsvarande som i 2007 (tenesta heitte då 10020, men dette vart endra i KOSTRA frå 2008). I 2008 var det ei ekstraordinær utgift på 0,56 mill. kr. i samband med skifte av revisor som gjaldt pensjonsrettar. Dette vart finansiert med bruk av disposisjonsfond (finansinntekter).

Budsjett for 2009 viser ei brutto utgift på 0,75 mill. kr. inkl. mva. Netto utgiftsramme er 0,61 mill. kr. som er ein marginal auke i høve til budsjett for 2008.

#### 2. Aktivitet

- Lønskostnadane gjeld godtgjersle, tapt arbeidsforteneste og frikjøp for folkevalde.
- Utgifter til varer og tenester skal dekkja utgifter som matservering ved møte, lysingar, kurs og opplæring, skyssutgifter mm.
- Tenester som erstattar eigenproduksjon gjeld drift av kontrollutvalet og kjøp av revisjonsteneste (lovpålagt). Kvam herad kjøper revisjonsteneste hos Deloitte as, avtalen gjeld ut 2011, med opsjon på forlenging i 2 år.
- Kvam herad kjøper sekretariatsfunksjonen hos Hordaland fylkeskommune, tenesta kan kjøpast hos andre, men kan ikkje utførast av Kvam herad.
- Omfanget av forvaltningsrevisjonar påverkar kostnaden med tenesta.

### **3. Endring av aktivitetar**

- Vi kjenner ikkje til planlagde endringar for denne tenesta. Hausten 2011 må Kvam herad ta stilling til om dei vil gjera bruk av opsjonen, eller gå ut med ny tilbodsrunde for kjøp av revisjonsteneste.